

# D ÅRSRAPPORT 2023



[haugalandmuseet.no](http://haugalandmuseet.no)

HAUGA  
— LAND  
MUSEET



# Årsrapport 2023

## Innhald

<b>1.0 VERKSEMDA .....</b>	3
<b>    1.1 Hovudresultat.....</b>	3
Asbest.....	5
Styret.....	6
Føringar for verksemda.....	6
Haugalandmuseet sin organisasjon og nettverk.....	7
Forsvarleg og effektiv drift.....	7
Frivillighet.....	7
Finansiering.....	7
Arbeidsmiljø, HMS og likestilling.....	7
Ytre miljø.....	7
Årsverk .....	8
Universell utforming .....	8
<b>2.0 ADMINISTRASJON .....</b>	8
<b>    2.1 Personale .....</b>	8
<b>    2.2 Eigedomsselskapet AS Karma .....</b>	9
<b>    2.3 Utviklingsarbeid .....</b>	10
<b>3.0 KOMMUNIKASJON OG MARKEDSFØRING .....</b>	10
<b>4.0 SOLID KUNNSKAPSPRODUKSJON .....</b>	11
<b>    4.1 Dokumentasjon .....</b>	11
<b>    4.2 Publikasjonar .....</b>	12
<b>    4.3 Eksterne foredrag .....</b>	12
<b>    4.4 Andre prosjekt.....</b>	12
<b>5.0 RELEVANT FORMIDLING.....</b>	13
<b>    5.1 Publikumsutvikling .....</b>	14
5.1.2 Arrangement.....	15
5.1.3 Kulturturisme .....	15
5.1.4 Undervisning .....	16
5.1.5 Tilrettelegging og inkludering .....	17
5.1.6 Digital formidling.....	17
5.1.7 Tilgjengeleggjering av samlingane .....	18
<b>    5.2. Utstillingar .....</b>	18

5.2.1. Visuell kunst .....	18
Tjørhom-samlinga .....	19
5.2.2 Kulturhistorie .....	19
<b>6.0 HEILHEITLEG SAMLINGSUTVIKLING .....</b>	<b>19</b>
<b>6.1 Visuell kunst .....</b>	<b>19</b>
<b>6.2 Kulturhistorie.....</b>	<b>20</b>
<b>7.0 TRYGG IVARETAKING og DOKUMENTASJON.....</b>	<b>20</b>
<b>7.1 Registrering og digitalisering .....</b>	<b>21</b>
<b>7.2 Revisjon og vurdering av samlingar.....</b>	<b>21</b>
<b>7.3 Førebyggjande tiltak og konservering .....</b>	<b>22</b>
<b>7.4 HMS og risikohandtering i forvaltninga.....</b>	<b>23</b>
<b>7.5 Magasin .....</b>	<b>23</b>
<b>7.6 Bygningsvern .....</b>	<b>23</b>
7.6.1 Kurs i overflatebehandling .....	24
7.6.2 Konservering og reparasjonar av interiør .....	25
<b>8.0 AKTIV SAMHANDLING.....</b>	<b>25</b>
<b>8.1 Museum og frivilligkeit .....</b>	<b>25</b>
<b>8.2 Museum og reiselivsnæringa.....</b>	<b>27</b>

## 1.0 VERKSEMDA

Haugalandmuseet er kunst og kulturhistorisk museum for Nord-Rogaland. Kommunane Bokn, Haugesund, Tysvær, Utsira og Vindafjord eig museet som er organisert som eit aksjeselskap. Generalforsamlinga er vårt øvste organ, og vi har eit kompetansestyre for drift- og eigarselskapet. Styret har vedteke strategi 2020-2025 for selskapet, og fagplanar som er tilgjengeleg for alle på heimesida vår.

Vi er eit desentralisert museum og er nær innbyggjarane i små og store lokalsamfunn. Våre museumsavdelingar er etablert frå 1913 og framover. I strategien 2020-2025 er *hav* overordna satsingsområde. Regionen har små og store kystsamfunn, inne i fjordane, langs skipsleia og på øyar i havgapet. Havet er omskifteleg, og har kravd og gitt rom for endring og omstilling. Havet har til alle tider prega livsgrunnlaget og mentaliteten på Haugalandet. I planperioden vil havet og endring bli spegl i formidling, forsking og forvaltning. Andre tematiske satsingar er nasjonale minoritetar, foto, krig og høgtrykkskunst. Mål og tiltak knytte til disse tema vert integrert i fokusområda, og i fagplanane til Haugalandmuseet som ligg ope tilgjengeleg på heimesida.

Haugalandmuseet er eitt av seksti museum i Noreg som får driftstilskot frå dei tre forvaltingsnivåa stat, fylke og kommune. Den offentlege forvaltninga lagar museumspolitiske dokument og strategiar, i tillegg til museet sine eigne. Museumsmeldinga (Meld.St.23 2020-2021) *Musea i samfunnet* gjev overordna retning for museumspolitikken fram mot 2050. Museumsmeldinga gir museumssektoren mål, tiltak og prioriteringar for dei neste tiåra. Den legg vekt på solid kunnskapsproduksjon, relevant formidling, heilskapleg samlingsutvikling, trygg forvaltning og aktiv samhandling.

### 1.1 Hovudresultat

Eit av måla for 2023 var å få betre inntening, fleire besökande og utvikle levande historieopplevelsingar. Hovudsatsinga i 2023 vart difor ei vidareføring av satsinga på cruise- og kulturturisme i ein utvida sesong frå mai til oktober. Vi fekk til utvida opningstider og nøgde, betalande turistar. Det er framleis mogleg å bli betre, og betre inntening og meir besök inspirerer til vidare satsing i 2024.

Kulturturisme-prosjektet utfordra tilsette og frivillige til å gjere skumle ting ein fredagskveld i februar. Vi laga "Natt på museet" som ei teatervandring gjennom museumskvartalet. Fantasirike figurar dukka opp og spela for born og vaksne, og det vart eit eventyr som òg freista til gjentaking. Årsprogrammet med nærmare 200 arrangement i 2023 fortel om stor breidd og mange møtestader - nett slik det skal vere i Haugalandmuseet – museet der folk bur!

Vi ligg godt an for dei digitale måla vi har satt oss, og har passert 5000 følgjarar på heimesida. Vi har som mål å heile tida legge ut meir av samlingane på nettet, men det er òg gledeleg at vi har publisert artiklar som resultat av pågående arbeid med samlingane.

Kunst og kultur i same museum har ført til tverrgåande prosjekt om bedehus, og fotokunst som dokumenterer øyliv i 2023. Dette er nyvinningar der same tema kan sjåast med kunstauge og kultursyn, og utfylle kvarandre på ein god måte. Ein god effekt av det samanslårte museet er òg fagleg forvaltning av kunst- og kulturhistoriske samlingar, med ei særleg satsing på kunstsamlinga i året som gjekk.

I 2023 byrja vi på restaureringa av "Derikhuset" etter tilseigner og god planlegging. Anlegget sør på Karmøy vart sett i stand midt på 1980-talet, og trong ei større restaurering med medverknad frå fleire tilsette. Det vart hovudverket for handverkarane, som gjennom prosjektet fekk fram ny kunnskap om gammal byggeskikk.

Haugalandmuseet arbeider vidare med styret sitt vedtak i 2022 om nytt museum og magasin på museet si eiga tomt i Haugeverven i Haugesund. Vi har skrive ein rom- og funksjonsplan, som inneholder rombehov, omtale av opne magasin, basisutstilling og kva vi legg i viten/vitensenter. Vi har engasjert eit arkitektfirma til å gjennomføre ei moglegheitstudie. Arbeidet var halvvegs ved utgangen av året.



Figur 1 Familiearrangementet "Natt på museet" ble en stor suksess! Ansatte og frivillige i Haugalandmuseets venner i sving på Karmsund folkemuseum og i Wrangellhuset. Foto: Grethe Nygaard/Haugalandmuseet.

## Asbest

Samstundes med auka besøkstal og omlegging til levande historie-forteljing, var det alvor andre stader på museet. Året starta med kartlegging og prøvetaking om asbest ved Arquebus krigshistorisk museum. Hovudmålet var å få full oversikt over gjenstandar i utstillingane, deretter flytte ut og sanere dei gjenstandane som hadde skada asbest. Medan arbeidet gjekk føre seg, var heile museet stengd. Vi lukkast med å få bort den skada asbesten og reingjere grundig, slik at utstillingane kunne opnast att 1. juli. Fleire magasin og lager er enno avstengt ved museet, i påvente av grundig kartlegging av gjenstandar med asbest.

Samstundes vart det påvist asbest i bygninga der Karmsund folkemuseum held til. Etter varsel til Haugesund kommune blei det hausten 2022 og våren 2023 avdekka skada asbest i fleire etasjar i Skåregata 142. Det var snakk om svært skada asbest i røyrisolasjon, og museet var tidleg bekymra for spreiling av asbeststøv. Det blei påvist at brun- og kvitasbest frå skada røyrisolasjon i eit gammalt fyrrrom i kjellaren hadde spreidd seg til to magasinrom med gjenstandar og arkiv. Museet tinga for eigen rekning ei kartlegging av heile bygningsmassen, for å vere sikre på at det ikkje var enda meir uoppdaga asbest i bygninga.

Bygninga blei stengd av verneombodet i august 2023. På dette tidspunktet var fleire arbeidsplassar og nødutgangar råka, og det var ikkje lenger forsvarleg å halde museet opent, verken for tilsette eller publikum. I september starta saneringa av asbest i tre rom. Prosessen i forkant av saneringa var vanskeleg. Som brukarar av bygget opplevde museet liten forståing for vår situasjon, og arbeidet starta utan at alle skildringar var på plass.

Erfaringa gjorde at museet tinga ein ekstern etterkontroll som syntte at det låg att mykje asbest i sanerte rom, samt nærliggande rom. Dette førte til fleire avstengingar. I dei to siste månadane av 2023 var det ein prosess for å få asbestsanert dei åtte romma som no er ramma. Enda ein etterkontroll blei bestilt, og rapporten var klar på at minst åtte rom må sanerast på nytt. Ved utgangen av året var det ingen løysing på asbestproblema.

Asbestutfordringane har fått store konsekvensar for tilsette og museumsdrifta. Fleire arrangement er avlyst, og frå august til desember er det 2000 færre besøkande og kr. 100 000 i tapte inntekter.

Arbeidet med å registrere, digitalisere og gjere tilgjengeleg samlingane er i stor grad sett på vent. Magasina er ikkje tilgjengelege, og arbeidsrom med tilrettelagte arbeidsflater, avsug, verktøy og utstyr, har vore stengt i fem månader. Ein konsekvens er at fotoarkivar for Museumstjenestene i Rogaland, som Haugalandmuseet er vertskap for, ikkje har kunna utføre planlagt arbeid for Jærmuseet og Ryfylkemuseet. Ein annan konsekvens er at vi ikkje har kunna ekspedere førespurnader frå publikum og forskrarar, som ønskjer å få tilgang til arkiv, gjenstandar eller fotosamling. Alle førespurnader frå forskrarar og publikum om samlingane er førebels sett på vent.

Verkstaden med spesialverktøy, mellom anna høvlar for å lage profiler til vindauge er ikkje tilgjengeleg, og planlagt arbeid med bygningar er sett på vent. Dette gjeld blant anna restaureringa av Derikhuset i Skudeneshavn, eit prosjekt som har fått økonomisk støtte frå Rogaland fylkeskommune og Stiftelsen UNI. Verkstaden er òg sentral i forvaltning av samlingane og utstillingsproduksjon. Den planlagde utstillinga TING, som skulle opne i februar i 2024, måtte avlysast.


Sentral for nödlys på bygget og dataskap er plassert i kjellaren, i rom som har vore stengt nesten heile året. Haugalandmuseet sin sentral for tjuverialarm er ikkje tilgjengeleg. Avfuktarar i magasin som gjer at luftfukta er 50% RH, er anten avstengt eller skulle hatt service. Dette får vi ikkje utført i

dag. Manglande service og skifte av filter kan i verste fall vere ein brannrisiko. I magasin utan fungerande avfuktarar kan det i løpet av kort tid gro sopp og mugg.

Vi har i lang tid gjort det beste ut av situasjonen, tilpassa arbeidet og endra planane. Tilsette har vore tolmodige, men har i løpet av året blitt sterkt ramma av den langvarige stenginga.

## Styret

Styret har hatt fire styremøte, fått orienteringsbrev frå administrasjonen og handsama 38 saker.



Styret vart vald på generalforsamlinga i februar 2023, og har per 31.12.2023 følgjande medlemmer:

Ingvar Frøyland, styreleiar

Linda Bruås

Målfrid Snørteland (ny)

Geir S. Toskedal

Johan Rokstad

May Britt Vihovde (ny) (Rogaland fylkeskommune sin representant)

Jan Egil Nes (tilsette sin representant)

## Vara

Arnstein Eek

Ann Jeanette Sunde

Tove Elise Madland (ny)

Anna Pauline Vik Vestly (Rogaland fylkeskommune sin vara)

Madli Hjermann (ny) (tilsette sin vara)

## Føringer for verksemda

Haugalandmuseet er medlem av ICOM, den internasjonale museumsorganisasjonen, og det er godt å vere ein del av eit internasjonalt fellesskap med høg standard. Den nye museumsmeldinga frå 2021 «Tid, ting og tillit» ligg føre som rettesnor for museumsarbeidet dei neste tiåra. Rogaland fylkeskommune sine planar gjev også viktige signal, likeins dei kommunale kulturplanane. Haugalandmuseet er som sjølvstendig verksemd, med ein armlengds avstand til tilskotsgjevarane, ansvarleg for drift og ivaretaking av kulturarven.

## Haugalandmuseet sin organisasjon og nettverk

Haugalandmuseet er organisert i fem avdelingar, og i 2023 har fagavdelingane arbeida på tvers av organisasjonen med utstillingar og programmering:

### Forsvarleg og effektiv drift

Selskapet har hatt ei forsvarleg og effektiv drift i 2023, men er prega av asbestarbeidet.

### Frivillighet

Haugalandmuseet har fleire venneforeiningar som Haugalandmuseets venner, Arquebusmuseets venner og Nedstrand museums- og historielag. Dei frivillige har til saman utført 2 årsverk, og har delteke i dugnadsgrupper, halde museumshus opne og delteke med samlingsarbeid.

### Finansiering

Hovudfinansieringa til Haugalandmuseet er grunnfinansiering frå eigarkommunar, Rogaland fylkeskommune og Stat. Det er òg i 2023 søkt og motteke eksterne midlar til prosjekt. Eigeninntekta i 2023 er på kring 6% av totalbudsjett, og er ei relativ auke frå året før.

Budsjettet for Haugalandmuseet 2023 vart ikkje revidert i løpet av året, og var ei god rettesnor for drifta. Langtidssjukmeldte gjennom året førte til om lag kr. 0,8 mill i sjukepengar. Dei er sett av i vedlikehaldsfondet, slik at oppgåver som er utsett kan betalast derifrå. Vi nyttar fleire tilkallings- og museumsvertar i 2023 enn tidlegare, og den fleksibiliteten treng vi for å bemanne musea i ein lang sesong frå april til oktober.

### Arbeidsmiljø, HMS og likestilling

Haugalandmuseet har verneombod og AMU-utval med fire representantar; to frå arbeidstakarane og to frå leiargruppa. I 2023 var det fire samlingar for alle tilsette der det vart lagt fram årsplan, handlingsplan og jamleg teke opp HMS-arbeid. Alle tilsette har delteke i undersøkinga "Ein god dag på jobben" i 2023. Det er laga SHA-plan og Sikker Jobb Analyse (SJA) med rutinar og dokument, og dei har vore nytta i arbeidet på Derikhuset i 2023.

Samla sjukefråvær er 9% i 2023. Spesielt høgt var det i første halvår. Det er langt høgare enn tidlegare år, og høgare enn gjennomsnittet i landet. Det er samstundes lågt legemeldt korttidsfråvær med 0,4% i 2023, medan det er 0,7% i Noreg. Oppfølgingsplanar og dialogmøte viser eit breitt spekter grunnar til langtidssjukmeldingar og at fleire er på avklaring. Det har ikkje vore innrapportert skade i 2023. Museet har fleire tilsette kvinner enn menn, og vi skal vere merksame på det framover.

### Ytre miljø

Selskapet forureinar ikkje det ytre miljø utover det som er naturleg for denne type verksemد.

## Årsverk

Haugalandmuseet utførte 22 årsverk i 2023. Av dette var 1,2 årsverk timelønna museumsvertar. I tillegg var det 2 midlertidig tilsette som prosjektmedarbeidar. Selskapet hadde 19 fast tilsette, 13 kvinner og 6 menn. Styret var sett saman av 3 kvinner og 4 menn.

## Universell utforming

Større delar av bygningsmassen som Haugalandmuseet held til i er ikkje universelt utforma. Vi hadde og i 2023 synfaring med Norges Handikapforbund Nord-Rogaland og fekk gode råd.

Haugalandmuseet sine digitale plattformer skal vere universelt utforma, og erklæring om tilgjenge ligg ute på heimesida.

## 2.0 ADMINISTRASJON

Administrasjonen har arbeida med felles administrasjonssystem som kalender, nytt digitalt arkiv, Teams og Visma i 2023. Oppfølging av personal og økonomi tek tid, og innarbeiding av SHA og SJA-rutiner og oppdatering av løpende system som internkontroll-HMS. Administrasjonen og tillitsvalte har arbeida vidare i 2023 med spørsmål om gjennomsnittsberekning, vaktplan m.m. som kan ende i ein særavtale om arbeidstid. Dette er òg har vore ein tidkrevjande prosess.

### 2.1 Personale

Det er arrangert fire fellesmøter for alle tilsette med informasjon og orienteringar, men òg brannøvingar. Dei tilsette hadde felles fagdag i juni på Derikhuset og i Skudeneshavn, og i september på Utsira. Det har òg vore velferdskomité i sving med fleire programpostar i 2023.

Dei tilsette hadde medarbeidarsamtalar i mai. Det er inngått avtale om bedriftshelseteneste med Falck. Staben har vore stabil i 2023, men sjukefråværet har vore langt høgare enn tidlegare. HMS-rådgjevar i Falck Norge heldt foredrag om korleis jobbe med psykososiale forhold på arbeidsplassen. Alle avdelingar arbeida med arbeidsmiljøverktøyet "Ein god dag på jobben" i 2023.

Det er valt nytt verneombod i 2023 som er Maryon Østhush, med vara Elena Santamarina. Martha Ålland blei valt til tilsette sin representant til AMU, der Elena Santamarina er vara. Jan Egil Nes, og vara Madli Hjermann, blei valt til tilsette sine representantar til styret i 2023. Tre tilsette har fått truckførarkurs og sertifikat i 2023.

Haugalandmuseet fekk ein av to prosjektstillingar som bygningsvernrådgjevar for to år. Det er eit pilotprosjekt finansiert av RFK for å hauste erfaringar, før eventuelt ordninga blir fast i alle regionane i fylket.

Planlegging/Seminar/Møte/Nettverk for regionalt, fylkes- og nasjonalt museumsarbeid:

11. januar Fotonettverkets fagdag Stavanger
13. januar RFK høyringsmøte regionalplan for kultur for Nord-Rogaland på Karmsund folkemuseum
- 8-9. februar i Stavanger: Fagdagar arrangert av Museumstjenestene i Rogaland. Vi deltok med 6 tilsette. Dag 1 hadde tema interiør i samlingane, dag 2 hadde tema gift/helsekadelege stoff i

samlingane.

13.mars: Fagdag formidling i Stavanger. Vi deltok med fem tilsette.

28-30.mars: Museumsforbundets landsmøte i Stavanger. Vi deltok med to tilsette.

12.april: Styrmingsgruppemøte, Museumstjenestene i Dusavika, Stavanger.

13.april: Museumsleiarmøte i Stavanger. Tema: Ny kulturplan

24-25.april: Fagdagar 2023, i regi av bevaringstenestene i Vestland: Klima og museumssamlingar i møte med økonomiske utfordringar. Vi deltok med to tilsette.

19.april: Kurs i komposisjonsmaling i regi av bygningsantikvar, Museumstjenestene.

Haugalandmuseet var vertskap for kurset. Vi deltok med fire tilsette.

27. april Kunstnettverksmøte på Teams.

08-10.mai: To tilsette deltok på seminar i Mangfoldsnettverket på Stiklestad. Vi deltek i prosjektet "Samlingenenes mange stemmer", saman med 21 andre museum i Noreg.

25-26.mai: Ein tilsett deltok på kurs i overflatebehandling av mur – kalk og silikatmaling i regi av bygningsantikvar i Museumstjenestene.

01.juni: Samhandlingsmøte med Nedstrand museums- og historielag

31.mai-2.juni: Fotoarkivar for Museumstjenestene deltok på kurs i digital fargestyring og bildekvalitet

06-07.juni: Fotoarkivar HM og fotoarkivar Museumstjenestene deltok på møte i fotonettverket.

08-09.juni: Fotoarkivar HM og fotoarkivar Museumstjenestene deltok på workshop på Preus museum.

19.06: Tre tilsette deltok på kurs KODE – kunstformidling til personar med demenssjukdom.

20.juni: Kjennskapskurs i asbest – alle tilsette

28-29.juni: Tre tilsette deltok på kurs i tranmaling ved Derikhuset, Skudeneshavn, i regi av bygningsantikvar i Museumstjenestene

24.august: Møte med Rogaland fylkeskommune og Ryfylkemuseet for planlegging av pilotprosjektet for bygningsvernrådgjevartenesta.

04.09: Felles fagdag for alle tilsette på Utsira

14-15.09: Ein tilsett deltok på kurs i linoljemaling, i regi av bygningsantikvar for Museumstjenestene

19.09: Tre tilsette deltok på innspilsmøte om ny reiselivsstrategi for Rogaland

26-27.09: Fotoarkivar HM deltok på ABM-seminar i Mo i Rana om kulturarvdigitalisering

24.10: To tilsette deltok på møte i privatarkivnettverket i Sauda

31.10: Ein tilsett deltok på fagmøte konservering i regi av Museumstjenestene

31.10-01.11: Fotoarkivar HM og fotoarkivar Museumstjenestene deltok på landskonferansen for foto i Oslo.

02.11: Fotoarkivar HM og fotoarkivar Museumstjenestene deltok på møte i det nasjonale Fotonettverket i Oslo.

07.11: Tre tilsette deltok på asbestkurs i regi av Museumstjenestene

06-07.11: Direktør deltok på nettverk for museumsledere i Harstad

10.11: Vi deltok på museumsleiarmøtet i regi av Rogaland fylkeskommune i Stavanger

23.11 - 24.11: To tilsette deltok på seminar i Stavanger, tilrettelagt DKS-produksjon

Oppfølgingsmøte med Handikapforbundet om universelle utformingstiltak

## 2.2 Egedomsselskapet AS Karma

Selskapet, med adresse Hasselgata 31, har i meldingsåret avslutta skadesaka med forsikringsselskapet etter stormskadane i 2022. Pågåande husleigesak med leigebuar vart òg avslutta vinteren 2023 med namsmannen, og ny forsikringssak vart oppretta etter konstatering av rasert leigeobjekt. Reparasjonane gjekk for seg heile våren og sommaren 2023, og leilegheita blei først leigd ut hausten 2023.

Haugesund kommune (HK) blei følgt opp med leigeavtalen for eit mindre uteområde og tilgang til vatn, og har betalt for to års leige i 2023. Gjennom året går det føre seg jamlege utbetringar og fornyingar, mellom anna utskifting av pumpe i storhallen. Båtplassane og næringslokala har stort sett vore leidt ut gjennom året. Sjøspeidarane i Haugesund har tilhald i Haugeverven, og får sette opp et midlertidig grindbygg for å vise båtvøling.

HK har innført nye reglar for parkering i gatene på Bakarøy, noko som vil føre til meir bruk av parkeringsplassen i Hasselgata 31. Haugesund kommune sitt parkeringsselskap foreslår ein avtale der HK har oppsyn med parkeringsplassen, og at utgifter og inntekter delast mellom HK og AS Karma. AS Karma ser fram til forslaget, men er tydeleg på at avtalen må vere avgrensa i tid grunna eigne planar for området.

### 2.3 Utviklingsarbeid

Museet er ein kompleks institusjon med mange samansette oppgåver. For å få til større løft må vi definere prosjekta klart og prioritere oppgåvene. I strategi 2020-2025 er det definert som eit mål at Haugalandmuseet har museumsarenaer med universell utforming, tilrettelagd for formidling og med god tilgang til samlingane. Museet har arenaer som gir kunnskap og opplevelingar, er gode møteplassar og er lagt til rette for ny bruk og utleige.

#### *Eitt utviklingsprosjekt har hatt prioritet i 2023:*

Nytt magasin og museum på Hasseløy: Vi har jobba vidare ut frå styrevedtak og ein visjon om å etablere eit museumsbygg med magasin i Haugeverven – ein ny arkitektein kalla museumsbygning for bevaring og formidling av maritime samlingar, publikumsfasilitetar som verkstad for barn, vitensenteraktivitetar, kafé og foredragssal. Eit havmuseum der sild, salt og skip er viktige knaggar. Vi har skrive ein rom- og funksjonsplan, som inneholder rombehov, omtale av opne magasin, basisutstilling, samt ei skildring av kva ein legg i viten/vitensenter. Vi har engasjert eit arkitektfirma til å gjennomføre ei moglegheitsstudie. Arbeidet med dette studiet var halvvegs ved utgangen av året.

## 3.0 KOMMUNIKASJON OG MARKEDSFØRING

Musea si rolle har endra seg mykje dei siste åra. I tillegg til å vere formidlings- og samlingsorienterte, er musea no òg relasjonsorienterte. Det forventast at musea er tilgjengelege for publikum, har ein open informasjonsflyt og gir gode moglege for samhandling og dialog. Haugalandmuseet har ein tydeleg kommunikasjonsstrategi (Kommunikasjonsplan Haugalandmuseet 2020-2025) som seier korleis museet skal kommunisere og kva for nokre satsingsområde museet har innan kommunikasjon og marknadsføring.

I tillegg til ein kommunikasjonsansvarleg har museet ein komité med medlemmer frå leiargruppa. Eit godt samarbeid mellom dei tilsette og dei ulike fagavdelingane i museet, bidrar til ei aktiv profilering av Haugalandmuseet på nettsider og i sosiale media.

I løpet av året produserer museet sine eigne tilsette ei lang rekke plakatar og brosjyrar til bruk i marknadsføringa. Museet får òg marknadsføre arrangement og utstillingar på TV-skjermar hos Destinasjonsselskapet Haugesund/Haugalandet.

Etter planen skulle Tollbua i Nedstrand få namneskilt malt på veggen. Diverre måtte dette utsetjast grunna sjukefråvær i 2023. Forvaltningsavdelinga fekk arbeidstøy med Haugalandmuseet sin logo på.

Arbeidet med årsprogram starta opp i 2023 og frå og med 2024 vil Haugalandmuseet gje ut eit innhaldsrikt årsprogram i trykt og digital utgåve, i staden for halvårlege program.

Talet på unike nettsidebesøk for haugalandmuseet.no i 2023 var: 123 427 (Grunna nettleverandøren sine problem med avlesinga ligg tala noko høgt, samstundes er ikkje talet for januar rekna med. Difor er tala samla sett nokolunde riktige for 2023). Det totale nettsidebesøket sidan vi byrja målingane i 2020 er 294 946. Målet om 150 000 unike besøk før 2025 er allereie nådd.

Unike sidevisningar på Kulturpunkt.no var 5 477 i 2023. Målet for strategiperioden 2020-2025 om 4000 fylgjarar på Facebook vart oppnådd i 2021. I 2023 er talet på fylgjarar auka til 5 000. Fylgjarar på Instagramkontoen @haugalandmuseet er 1 406 og fylgjarar på @haugesundbilledgalleri er 1 658. Haugalandmuseet har pr. 31.12.2023 totalt 8 064 fylgjarar i sosiale media. Haugalandmuseet har nettside, Facebook, Instagram og YouTube-konto, kor ein jamleg legg ut oppdateringar, foto, artiklar og filmsnuttar frå arrangement og museumsarbeid. Museet publiserer månadlege nyheitsbrev til Haugalandmuseets vene og andre museumsinteresserte, med aktuelt stoff frå museet sitt arbeid.

## 4.0 SOLID KUNNSKAPSPRODUKSJON

Haugalandmuseet vedtok forskingsplanen i 2020. Forskingsplanen har fem hovudmål, mellom anna å integrera forsking i Haugalandmuseet si verksemd og drive forsking på eigne samlingar. Vidare skal det forskast på tema som har regional forankring og regional og nasjonal relevans. Forskinga skal auke den vitskaplege kompetansen i personalet. I 2023 har museet gitt ut fire djupneartiklar på Digitalt museum. Det er eit resultat av kunnskapsproduksjon i arbeidet med samlingsforvaltninga. I museet sin strategiplan 2020-2025 er hav eit overordna satsingsområde, og skal gjenspeglast både i forvaltning, formidling og forsking: «Hav, skip og sild er vår kulturarv». På slutten av året gav museet ut Årbok for Haugalandmuseet 2021-2023 om *Maritime byggverk*, som er den tredje av fire årbøker der me rettar blikket mot havet og maritime næringar.

### 4.1 Dokumentasjon

Prosjektet Romanifolkets kulturminne, vart støtta av Kulturrådet med til saman kr. 270 000,- (tilsegn på kr. 180 000, i 2022- og kr. 90 000,- i 2023). Prosjektet hadde oppstart i januar 2023 og vart avslutta 1. august. 2023. Vi har registrert romanifolket sine kulturminne frå Agder til Møre og Romsdal. Prosjekttilsett har vore på reiser og registreringar i løpet av våren, og har i 2023 dokumentert rundt 50 nye kulturminne, som hamner, naust med meir, som romanifolket/dei båtreisande nytta til overnatting. Kulturminna er gjort tilgjengelege på nettstaden Kulturpunkt.org. Ein del av midlane frå Kulturrådet var øyremerka registrering i Askeladden og Kulturminnesøk, som nyttas av forvaltninga i fylker og kommunar. I løpet av prosjektet blei 127 kulturminne lagt inn i portalen og kan no sjåast på Kulturminnesøk.no.

*Ny fast utstilling om dei båtreisande:* Museet fekk i 2023 tilsegn på kr. 270 000 i støtte til ei fast utstilling om romanifolket – de båtreisende. Til same prosjekt fekk vi hausten 2022 tilsegn på kr. 320 000,- frå Kulturdirektoratet/Romanifolket og taternes kulturfond. Ein prosjekttilsett har arbeidd med manus og planar for ny utstilling i perioden 1. august – 31. desember.

## 4.2 Publikasjonar

Maryon Østhush: *Milorg og flyslippet Etnefjella*. Publisert på Digitalt Museum i mars 2023.

Anna Tveit: *Dei reisande borna som skulle lære å bu: Om Misjonen sine barneheimar på Vestlandet*. Publisert på Digitalt museum desember 2023.

Elena Santamarina: *Frem fra glemselet – konservering av maleriet «Interiørskisse» av Ole Frøvig*. Publisert på Digitalt museum desember 2023.

Madli Hjermann: *Susanne Sunds postkortproduksjon*. Publisert på Digitalt museum desember 2023.

Anna Tveit: *Korleis ta med oss mangfaldet i samlingsarbeidet?* Publisert i Tidsskriftet Museum, 28.desember 2023: <https://tidsskriftetmuseum.no/korleis-ta-med-mangfaldet>

Årbok for Haugalandmuseet 2021-2023: *Maritime byggverk*.

Utstillingskatalog: *Hjem*. Utstilling i Haugesund billedgalleri

## 4.3 Eksterne foredrag

09. mai: Grethe Paulsen Vie heldt foredrag om Dei båtreisande ved Berlevåg havnemuseum, Museene for kystkultur og gjenreisning i Finnmark.

26. September: Madli Hjermann heldt innlegg om forsendelse av lyd frå Rogaland, på ABM-konferanse i Mo i Rana

29.september: Grethe Paulsen Vie heldt foredrag om Dei båtreisande på utstillingsopning om de reisande, ved Bergen offentlige bibliotek

24.oktober: Maryon Østhush og Madli Hjermann heldt innlegg på møte i privatarkivnettverket i Sauda

06.november: Mads Ramstad heldt innlegg om skeivdelinga til musea på nettverksmøte for museumsleiarar i Harstad

24.november: Tove Selås heldt foredrag om “Juletradisjonar på Haugalandet”, Åkra IL

## 4.4 Andre prosjekt

Mennesket og havet, fotodokumentasjon av øyane vest for Haugesund, ved fotograf og kunstnar Luca Berti.

Fotodokumentasjon av lokale bedehus, knytt opp mot utstillinga *Sjå, eg kjem*, som blei vist i Haugesund billedgalleri, hausten 2023.

Deltaking i prosjektet *Samlingenes mange stemmer*, i regi av det nasjonale museumsnettverket Mangfoldsnettverket, saman med 17 andre norske museum. Prosjektet er støtta av Kulturrådet over tre år, og Haugalandmuseet deltek med eit prosjekt om romanifolket som heter “Makt og representasjon i museet”.

Prosjekt i regi av ICCROM: Our Collections Matter (OCM), som skal medverke til å støtte opp omberekraftig utvikling på museumsfeltet. OCM har som mål å auke og forsterke aktivitetar som støtter opp om berekraftig utvikling gjennom bruk, utvikling og bevaring av kulturarvsamlingar. Vi har delteke i nettbaserte workshoper, der vi lærte meir om berekraftig utvikling, Agenda 2030 og FN sine berekraftsmål. Vi har fått et verktøy til bruk i eige museum, og sette delmål som skulle nås i løpet av året. Les meir her: <https://ocm.iccrom.org/>



Figur 2 Fotokunstnar Erlend Berge dokumenterte bedehus på Haugalandet i samanheng med utstillinga "Erlend Berge. Sjå, eg kjem snart!" i Haugesund billedgalleri 2023. Her er han i sving i Haugesund bedehus. Foto: Grethe Nygaard/Haugalandmuseet

## 5.0 RELEVANT FORMIDLING

Haugalandmuseet si formidling har som mål å nå ut til ulike grupper besøkande med tanke på alder, sosial og kulturell bakgrunn. Det er eit uttalt mål å ha eit mangfold av tilbod som spring ut frå museet sine samlingar og arkiv. Målsetjinga er òg at formidlinga skal skape identitet og tilhøyring lokalt, nasjonalt og internasjonalt. Formidlinga skal vere relevant, dvs. innehalde sentrale tema og problemstillingar, til dømes om berekraft og klima. Mykje av formidlinga til Haugalandmuseet er knytt tett opp til mål i læreplanar, og er av den grunn relevant for Den Kulturelle Skulesekken. Her blir det lagt vekt på danning, meistring og medverknad.

Haugalandmuseet skal og formidle noko som er interessant for brukaren, ha aktuelle utstillingar og foredrag, og lære noko nytt gjennom handboren kunnskap og løfte fram gamle handverkstradisjonar. Museet vil at mange stemmer skal bli høyrte, unge, eldre og minoritetar, for på denne måten å få fram fleire synspunkt, historier og perspektiv.

Museet følgjer opp nasjonale føringar om meir eigen inntening, og har jobba vidare med tilbod om kulturturisme, eit tilbod både til lokalbefolkning og turistar. Arbeidet med levande historieforteljing, teater- og byvandringar blir utvikla vidare og Wrangellhuset er tatt i bruk til formidling. Museet arbeider også med synleggjering av mangfold og minoritetar, og har i mange år dokumentert og formidla romanifolket sin kulturhistorie langs kysten.

Formidlingsavdelinga bestod i 2023 av fem fast ansatte formidlarar, til saman 4,6 årsverk, som har hatt jamlege planleggingsmøte. Året har vore prega av fleire langtidssjukmeldingar og stenging av lokale grunna asbest, noko som har påverka både aktivitetsnivå og besøkstal.

## 5.1 Publikumsutvikling

Avdelingar	Totalt besøkande 2023	Betalande besøkande 2023	Totalt besøkande 2022	Betalande besøkande 2022
Bokn	27	-	61	
Haugalandmuseet felles	1 243	276	654	229
Haugesund billedgalleri	9 036	2 206	6421	1098
Hiltahuset	1 735	-	657	
Karmsund folkemuseum	12 548	5 245	10094	2631
Nedstrand	401	12	179	
Nordvegen	2 119	-	2978	
Utsira	157	99	105	
Vindafjordmuseet	584	138	883	192
Arquebus krichistorisk museum	4 277	3 211	5930	4135
<b>Totalsum</b>	<b>32 127</b>	<b>11 187</b>	<b>27962</b>	<b>8285</b>

Besøkstala viser rundt rekna fire tusen fleire besøk i 2023, sjølv om asbest gjorde at Arquebus var stengt heile våren og Karmsund folkemuseum heile hausten. Det er eit godt resultat, i og med at fleire cruiseselskap kansellerte alle tingingar av di vi ikkje visste når vi kunne opna att. Andelen betalande besøk auka frå 29,6% i 2022 til 35% i 2023.

Satsinga på tilrettelegging for cruiseturistar og “To for ein”-billett er noko reiselivet set pris på. I sommarsesongen såg vi at cruiseturistane vart fleire og fleire, og i Dokken friluftsmuseum utvida vi opningstidene til å gjelde torsdagar i april, mai og august. Vi oppsøkte aktivt cruiseturistane og delte ut materiell, noko som hadde god effekt. Nytt i 2023 var og at vi heldt ope i sjøhuset til Mikal L. Klovning på Utsira fire onsdagar i juli. Utsira har mykje besøk, men òg dei fastbuande vitja sjøhuset i opningstida.

Barn og unge har vore, og er framleis, eit av dei viktigaste satsingsområda til Haugalandmuseet, noko som viser att på besøksstatistikken. Det gode samarbeidet med DKS er hovudgrunnen, men gledeleg er det at fleire og fleire grupper og klassar gjer seg nytte av tilboda museet har og bestiller på eigenhand.

### 5.1.2 Arrangement

Haugalandmuseet ynskjer å ha eit variert tilbod av arrangement. Vi ynskjer å ha samhandling med ulike brukargrupper, knytte til oss folk i lokalsamfunnet, og jobbe for at museet blir ein arena for alle. Museet vil ha tilbod som samlar få og tilbod som appellerer til mange.

Foredrag, Museumsstafett, Museumskvarter, Barnas Museumsstafett, Kunstopause, Strikkekafé, Kulturnatt, Natt på museet, Vernissasje, Ditt minne – vår historie, Familieverkstad, Kreativ verkstad, Kurs, Aktivitetsdagar, Arkivdag, Den kulturelle spaserstokk, historiske vandringar er døme på kva museet har å tilby av arrangement.

Museet sine tilsette arrangerer og held foredrag internt og eksternt. Museumsstafettane tek oss med rundt i heile distriktet og utviklar eit godt samarbeid med lokale krefter. Kurs for vaksne (t.d. pjoning, nålebinding, eggmaling, kransebinding) har knytt til oss nye grupper. «Natt på museet» var det store nye arrangementet i 2023, ein stor suksess. Museet tilbyr òg historiske byvandringar.

### 5.1.3 Kulturturisme

Til sommarsesongen 2023 i Dokken museum lyste vi spesielt etter vertar som hadde interesse for og erfaring med å kunne formilde og ha omvising i rolle. Museet utarbeidde manus på norsk og engelsk, utrusta vertane i kostyme og hadde tilbod om omvising kvar time. I tillegg produserte vi eit opplegg mynta på born, «Bli med Anna og lag basar i Dokken». Her var det lagt opp til å aktivisere borna.

Haugalandmuseet vil i åra som kjem satse på kulturturisme og reiseliv. Vi har et sterkt behov for å utvikle attraktive arenaer, auke besøkstalet og auke eigeninnteninga til museet. Med vaksande cruise-turisme og lokal turisme, samt tett samarbeid med reiselivsnæringa i regionen. Som eit ledd i dette søkte vi og fekk tilsegn på kr. 200 000 frå Kulturrådet til gjesteoppaldsstøtte, for å utvikle arenaer i museet i retning kulturturisme, med teatervandringar og andre publikumsretta aktivitetar. Søknaden som vart sendt inn er 3-årig. Det vil seie at vi kan få tilsvarende støtte i to omgangar til.



*Figur 3 Haugalandmuseet vidareutviklar avdelingane med tanke på kulturturisme og reiseliv. I 2023 inviterte museumsverten «Anna» til basar i bedehuset i Dokken museum. Foto: Grethe Nygaard/Haugalandmuseet*

#### 5.1.4 Undervisning

##### *Barnehagar og grunnskule*

Haugalandmuseet har born og unge som eit av sine viktigaste satsingsområde, og vi har alltid mange tilbod til desse gruppene. Barnehagar har fleire tilbod å velje i og er alltid godt besøkt. «Skulen i gamle dagar» på Karmsund, Aktivitetsdagar i Dokken, inne- eller utertilbod på Nordvegen, «Jul på museet» på Karmsund og på Vindafjordmuseet.

Haugalandmuseet har mange kunst- og kulturhistoriske formidlingsoppdrag til grunnskuleklassar gjennom lovpålagt DKS. Dette gjer arbeidet til formidlarane forutsigbart, vi kan drive langtidsplanlegging, får høge besøkstal og høg måloppnåing. Opplegga blir utvikla ut frå faste eller skiftande utstillingar, alltid knytt opp til læreplanmål og utarbeida i samarbeid med DKS. Dei obligatoriske opplegga dette året er: «Møt musea», «Bok blir film», «Trykkeverkstad», Vårslepp, «Bli med til bedehusland» «Skolen i gamle dagar» og «Tårnbyen Haugesund».

«Maktspelet», «Minoritar», «Viking for ein dag» og «Krigshistorie» er tilbod som kan bestillast i spesielle periodar. Haugalandmuseet bidreg med opplegg til leirskulen på Røvær og på Nordvegen. Våren 2023 var Haugalandmuseet med på pilotprosjektet «Anno» på Nedstrand. Her vart fleire av avdelingane til Nedstrand bygdemuseum nytta til eit to dagars formidlingsopplegg i samarbeid med Tysvær kommune.

#### *Vidaregåande skule*

Fleire og fleire VGS-grupper finn vegen til musea. Filmen «Det renner gull i gatene», kjeldekritikk, forteljinga om Mortiz Rabinowitz og romanifolket er populære tema. Besøka på Arquebus vart i år litt færre grunna stenging av museet. Samarbeidet med DKS Rogaland om formidlinga «Jordeple og jernplog» på Ørpelveit gard starta hausten 2023. VGS-klassar besøker dei skiftande utstillingane på Haugesund billedgalleri på eigenhand eller med formidlar. Dei møter òg opp på gratisforedrag i Museumskvarteret. Pris for VGS-klassar er etter avtale.

#### 5.1.5 Tilrettelegging og inkludering

GLIMT er Haugalandmuseet sitt tilbod til grupper som treng spesiell tilrettelegging. Museet sender ut årsprogram med tilbod på fire av våre avdelingar, Vindafjordmuseet, Arquebus, Dokken museum og Nordvegen historiesenter. Dei besøkande varierer frå små grupper med grunnskuleelevar til større grupper med tilrettelagt arbeid.

Museet arbeider med å gjere arenaene meir universelle med tanke på merking av trapper, montering av heis og teksting på ulike språk. Handikapforbundet er ein god samarbeidspartner. Museet har godt samarbeid med Breidablikk læringscenter og Mottaksskolen i Haugesund, klassane er flinke til å bruke museet.

Haugalandmuseet fekk i år tilskot frå Christian Haalands fond AS til fremme av trivsel og miljø for eldre i Haugesund til å starte arbeidet med å vurdere moglegheitene for å utvikle eit tilbod om kunstoppleveling til heimebuande personar med demenssjukdom. Så langt har vi hatt ein studietur til Kode i Bergen, og det vidare arbeidet blir å få tak i samarbeidspartnerar.

Museet arrangerte foredrag i samarbeid med DKSS og hadde og ein turné til sjukeheimane i Haugesund med førestillinga «Nordahl Rolfsens lesebok» i regi av Den kulturelle spaserstokken.

Museet er opptekne av å ha kontakt med folk i nærmiljøet, slik at ein kan få styrka musea som inkluderande fellesarena. Ein er oppteken av at museet skal vere ein aktør og samanbindingskraft på tvers av fagfelt, institusjonar, brukargrupper og interesser. Ei nystarta sjøspeidargruppe har fått tilhald i Dokken museum og skal starte arbeidet med å restaurere ein båt, planen er at publikum kan følgje med på arbeidet.

#### 5.1.6 Digital formidling

Gjennom digital formidling kan vi nå dei som fysisk ikkje kan besøke museet. Museet har aktive nettsider, og nyttar sosiale media som Facebook og Instagram. Digitalt museum og Kulturpunkt blir oppdatert kontinuerleg. På nettstaden «Gamle Haugesund» finn ein Haugesundshistoria og på YouTube legg vi filmar om historiske tema.

Kulturpunkt.org blei nytta som formidlingskanal for romanifolkets kulturminne. Etter ferdig registrering er til saman 341 kulturminne formidla på denne nettstaden. Dei er kartfesta og har foto og ein tekst knytt til seg. Kulturminna har ei geografisk spreiing frå Agder i sør til Møre og Romsdal i nord. Kulturiokiosk er nytta i den nye utstillinga NATO-stasjonen på Lysenuten – kald krig – varme

historier på Vindafjordmuseet. Vi har òg utvikla innhald for tre nye Kulturiokiosk-punkt, i samband med planlegging av innhald til ny fast utstilling om dei båtreisande.

#### 5.1.7 Tilgjengeleggjering av samlingane

Ein stor del av samlingane - gjenstandar, fotografi, kunst, lyd og bygningar er publisert på nettstaden Digitalt Museum. I løpet av 2023 vart 648 nye objekt publisert: fotografi, gjenstandar og kunstverk. Haugalandmuseet har til no publisert 28781 fotografi, 14548 gjenstandar, 782 kunstverk, 27 lydobjekt og 46 bygningar. Til sammen er det publisert 44164 objekt på Digitalt Museum pr. 31.12.2023. Haugalandmuseet har publisert flest fotografi og lydfiler på Digitalt Museum i Rogaland. Det er stor etterspørsel etter våre fotografi, og talet på bestillingar via Digitalt Museum har auka mykje dei siste åra. I 2023 ekspederte museet 210 førespurnadar om samlingane – inkludert fotobestillingar. Vi fekk 96 kommentarar på Digitalt Museum.

### 5.2. Utstillingar

Haugalandmuseet har som mål i strategiplanen å møte publikum med eit breitt og variert formidlingstilbod gjennom heile året. Museet sitt bygningsvernarbeid og samlingsforvaltninga er òg ein del av museet si formidling. Born og unge er museet si viktigaste målgruppe. Haugalandmuseet har mange utstillingar, både faste og midlertidige. Mange av utstillingane er i tråd med museet sitt strategiarbeid, der «havet» i perioden 2020-2025 belysast frå ulike kunst- og kulturhistoriske ståstedar.

#### 5.2.1. Visuell kunst

Kunstmuseet produserer årleg fleire utstillingar basert på eigen samling, kuratert av museet sine eigne tilsette. I tillegg skapast utstillingar i tett dialog med visuelle kunstnarar og eksterne kuratorar. I 2023 presenterte kunstmuseet utstillinga «Hjem», basert på verk frå samlinga og kuratert av kunsthistorikar Ruth Hege Halstensen. Til utstillinga vart det gitt ut ein katalog med tekstar av Ruth Hege Halstensen og forfattarane Mona Høvring og Arild Rossebø. Kunstmuseet produserte også fotokunstutstillinga «Erlend Berge. Sjå, eg kjem snart!». Utstillinga skildra interiør frå bedehus frå heile landet, inkludert fotodokumentasjon av bedehus frå Haugalandet. Fleire verk frå utstillinga vart innkjøpte til samlinga.

#### Kunstutstillingar produsert av Haugalandmuseet

Vi har i alt produsert to nye kunstutstillingar i regi av Haugalandmuseet, i tillegg har vi samprodusert Filmfestivalutstillinga saman med Haugesund kunstforening. Billedgalleriet er òg visningsarena for salsutstillingane til Haugesund kunstforening. Det vart vist i alt ni salsutstillingar i regi av Haugesund kunstforening i 2023.

20.05.22-06.08.23, Haugesund billedgalleri: *Kulturhistoriske landskap og interør. Ole Frøvig*. Prod. Haugalandmuseet

20.05.22-06.08.23, Haugesund billedgalleri: *I krig og kjærleik – utval frå Tjørhomsamlinga*. Prod. Haugalandmuseet

26.05.-06.08.23, Haugesund billedgalleri: *Hjem – utval frå samlinga*, Prod. Haugalandmuseet

09.09.22-06.08.23, Haugesund billedgalleri: *Skulptur frå samlinga*. Prod. Haugalandmuseet

10.08.-31.12.23, Haugesund billedgalleri: *Erlend Berge. Sjå, eg kjem snart!*. Prod. Haugalandmuseet

## Tjørhom-samlinga

Kunstmuseet har fokus på formidling av høgtrykkskunst som del av sitt formidlingsprogram. I 2023 vart det gjennomført eit DKS-opplegg for 7. trinnet i Haugesund kommune i april/mai månad. Formidlinga tok utgangspunkt i ei utstilling av utvalde verk frå Tjørhom-samlinga presenterte i Meling1. Utstillinga "I krig og kjærleik" med eit stort utval frå Tjørhom-samlinga vart vist i Otto Johannessen-salen til og med august månad. I samband med sommarutstillinga "Heim", kuratert av Ruth Hege Halstensen, var elevane ved Mottaksskulen i Haugesund inviterte inn med eigenproduserte tresnitt som bidrag til utstilling. Utstillinga "Heim" presenterte fleire innkjøpte tresnitt dei seinare åra bla. verk av Beatrice Guttormsen, Ragna Misvær Grønstad, Mattias Härenstam og Annette Kierulf.

### 5.2.2 Kulturhistorie

Haugalandmuseet hadde 11 faste kulturhistoriske utstillingar i 2023, og ei skiftande utstilling.

Vandreutstillinga «Båtreisende – romanifolket som reiste sjøveien» blei produsert på nytt, med ny logo, og leigd ut til Bergen offentlige bibliotek, i samarbeid med Romanifolkets kulturforening i Bergen.

#### Temporære kulturhistoriske utstillingar var:

21.10.2022-26.02.2023 (Karlsund folkemuseum): *Klimaklokt!* (vandreutstilling). Klimaet påverkar oss, me påverkar klimaet, og klimaendringane vil påverke husa me bur i. Kan vi lære noko av den lokale byggjeskikken? Finst det metodar og tankesett i dei gamle bygningane som kan lære oss i dag noko om klimatilpassing og klimagassreduksjon? Utstillinga var laga av Museumstjenestene i Rogaland i samarbeid med: Dalane Folkemuseum, Jærmuseet, Ryfylkemuseet, Museum Stavanger og Haugalandmuseet.

#### Andre faste kulturhistoriske utstillingar er:

*Fra jord til bord, Byen som gikk i land, Heim og nærmiljø, og Sjøfart* (Karlsund folkemuseum)  
*Førstereisgutten* (Dokken museum), *Røværulykken* (Hiltahuset, Røvær), *Sildefiske* (Sjøhuset til Mikal Klovning, Utsira), *Andre verdenskrig*, mellom anna om Nortraship og motstandskamp (Arquebus krigshistorisk museum), *NATO – kald krig, varme historier og Livet i Vikedal* (Vindafjordmuseet)  
*Tollbua på Nedstrand* (Nedstrand bygdemuseum), *Livet på Bokn* (Bokn bygdemuseum)

## 6.0 HEILHEITLEG SAMLINGSUTVIKLING

Samlingsutviklinga omfattar både innsamling og avhending. Vi får kvart år gåver til dei kulturhistoriske samlingane og gjer innkjøp til kunstsamlinga. Inntak eller innkjøp skjer etter nøye vurdering: om det tilfører samlingane noko nytt, og om det er relevant i forhold til målet til museet, strategi og samlingsplan. Desse vurderingane gjerast av eigne inntaks- og innkjøpskomitear ved museet.

### 6.1 Visuell kunst

Samlinga har ei hovudvekt på arbeid av kunstnarar eller verk med tilknyting til Vestlandet. Vi utviklar kunstsamlinga i tråd med museet sin innsamlingsplan 2020-2025. Museet har òg nasjonal og internasjonal høgtrykkskunst som eit tyngdepunkt i samlinga.

I 2023 vart 9 nye kunstverk kjøpt inn, av 1 mannleg kunstnar. Tilveksten er i tråd med innsamlingsplanen til Kunstmuseet. Kunstmuseet arbeider gjerne med prosjekt som kan innehalde både kunst og kulturhistorie. Dei ni verka av Erlend Berge vart kjøpte i samband med utstillinga hans i Haugesund billedgalleri: «Erlend Berge. Sjå, eg kjem snart!», ei fotokunstutstilling om bedehusinteriør lokalt og nasjonalt. Årets filmfestivalutstillar var Ann Cathrin November Høibo, og museet fekk kunstverket «Sommertørst», 2023, i gåve frå Otto Johannessenfondet.

## 6.2 Kulturhistorie

I 2023 auka samlinga med 20 gjenstandar, 3100 fotografi og 11 hyllemeter arkiv. Museet har store gjenstandssamlingar og er forsiktige med nye inntak. Vi har hatt ei aktiv innsamling av kulturhistoriske fotografi frå øyane vest for Haugesund, som resulterte i 1600 nye fotografi med motiv frå kystfisket. To større arkivinntak kan òg nemnast: eit bedriftsarkiv etter Kyvik sild, og deler av forretningsarkivet etter Moritz Rabinowitz. Inntaket er i tråd med samlingsplan for 2023, der sild og hav er hovudtema.

Museet avhenda 91 gjenstandar i 2023, som er i tråd med ei styrt samlingsutvikling. Avhendinga er eit resultat av mange års arbeid med vurdering av samlingane – kulturhistoriske vurderingar og tilrådingar som museet har jobba med - der avhending er eitt av tiltaka. Vi spissar samlinga ved å avhende objekt som ikkje er viktige, og samlar inn nytt relevant materiale. Avhendinga samsvarar med samlingsplan for 2023. Gjenstandane som er avhenda manglar for det meste proveniens eller hadde svært dårlig tilstand – mange av gjenstandane var lagra i bygningar utan klimaregulering. I mange tilfelle har vi hatt tilsvarende objekt i samlinga, med god proveniens og i god tilstand.

## 7.0 TRYGG IVARETAKING og DOKUMENTASJON

Samlingsavdelinga bestod ved utgangen av 2023 av fire faste tilsette (3,8 årsverk), og ei prosjektstilling (1 årsverk). I tillegg kjem tilsette ved Kunstmuseet (0,2) årsverk. Driftsavdelinga bidrar ved behov, til flytting av gjenstandar og magasinering. I løpet av året er det til saman brukt 4,1 årsverk til å forvalte gjenstand, foto, kunst, lyd, film og arkiv.

Dei 56 kulturhistoriske bygningane blir teke vare på av drifts- og bygningsavdelinga. I 2023 hadde avdelinga fire fast tilsette (4 årsverk). Derav blei rundt to årsverk nytta til bygningsvern.

Samlingsavdelinga bidreg med søker, planlegging og rapportering, og samla nyttar museet rundt 2,3 årsverk på dei kulturhistoriske bygningane. Avdelinga har òg ansvar for drift og vedlikehald av fem administrasjonsbygningiar, brannansvar, sikring av anlegga, montering av utstillingar, stell av uteområde og andre driftsoppgåver. Rundt to årsverk nyttast til dette.

Arbeid med å kartlegge asbest i samlingar og bygningar som museet held til i prega heile 2023. Arbeidet har til tider vore svært krevjande, dei fleste planar måtte leggast til side, og samlingsarbeidet er sterkt råka. Arbeidsrom med avsug, konserveringsmateriell, reprostasjon, og andre fasilitetar for å arbeide med samlingane, har vore stengd frå 21. august og ut året. Magasina ved Karmsund folkemuseum, mellom anna tekstilmagasin, kjølemagasin for fotografi og arkivmagasin har vore stengd frå september.

Vi har i 2023 arbeida godt med ny samlingsplan. Førre samlingsplan, "Samlingsforvaltningsplan for Haugalandsmuseene", stod ferdig i 2011. Det var et godt og gjennomarbeida plandokument som greidde ut om historikk, status for samlingane og rutinar for dokumentasjon, reingjering og

konservering. I løpet av de over 10 åra som har gått sidan planen var ferdig, har både Haugalandmuseet og føringer for museumsdrifta endra seg. Dette har prega arbeidet med den nye planen: Over ti års internt og eksternt arbeid med vurdering av kunst- og kulturhistoriske samlingar, SPECTRUM, eit verktøy for ei profesjonell forvaltning av samlingane og, ikkje minst, den nye museumsmeldinga (2021), med vekt på heilskapleg samlingsutvikling, trygg ivaretaking, kunnskap, demokrati og FNs berekraftsmål.

## 7.1 Registrering og digitalisering

Auka dokumentasjon og digitalisering av samlingane gir større moglegheiter til god digital formidling. I Haugalandmuseet sin strategiplan er det eit overordna mål å få god bevaring, auka oversikt og innsikt, og tilgjengeleghet til viktige samlingar. I plan for digitalisering (2021-2022) er å digitalisere eigne samlingar og publisere på Digitalt Museum, knytt til dei ressursane vi har, eit av fire hovudmål. Vi har arbeidd målretta med utgangspunkt i dei ressursane vi har, og har i 2023 publisert 648 nye objekt, mest fotografi og kunst, på Digitalt museum. Resultatet er betydeleg lågare enn tidlegare år. Her må avdekkinga av asbestos og dei hindringane det sette for oss, ta ein stor del av skulda. Særleg digitalisering av gjenstandar blei sterkt råka.

Ordning av arkiv har vore eit prioritert område. Ordning av forretningsarkivet etter Moritz Rabinowitz starta i 2022 og heldt fram i 2023. Arbeidet var ikkje sluttført ved utgangen av 2023, men blei markert med ei vellukka lansering av arkivet hausten 2023. Andre større prosjekt har vore digitalisering av nye innkomne fotografi til Karmsund folkemuseum si fotosamling, registrering og magasinering av nye kunstverk i samlinga ved Haugesund billedgalleri, og arbeid med eit større restaureringsprosjekt – Derikhuset i Skudeneshavn. Museumstenestene i Rogaland bidrog med arbeid innanfor konservering og bygningsvern i 2023.

**Kunstsamlinga:** Det vart katalogisert 82 nye kunstverk. Dette er både nye inntak og restansar - kunstverk som er kjøpt inn til samlinga dei siste åra. Dette er eit høgare tal enn tidlegare år.

**Gjenstandssamlingane:** Det vart oppretta 64 nye hovedpostar i Primus, med til saman 275 objekt. Det registrerte materialet var frå Bokn bygdemuseum, Karmsund folkemuseum og Arquebus krigshistoriske museum. Talet på nye registrerte gjenstandar har gått kraftig ned.

**Fotosamlinga:** Det vart til saman oppretta 1095 nye hovedpostar i Primus. Det er i hovudsak frå arkivet etter Susanne og Nils Sund og romanifolket sine kulturminne, samt ei rekke små private fotosamlingar.

**Arkiv:** Vi har ordna 2 hyllemeter arkiv - arkivet etter Moritz Rabinowitz, kjøpmann (1901-1945).

**Lyd:** Vi har motteke ferdig digitalisert lyd frå Nasjonalbiblioteket i Mo i Rana.

## 7.2 Revisjon og vurdering av samlingar

Revisjon av objekt og samlingar er viktig for å få god oversikt, og dessutan legge inn rett nemning og emneord i Primus, for å letta søket etter objekt. I 2023 er 200 gjenstandar og 43 kunstverk reviderte i Primus (reingjering, tilstandsvurdering, registrering, fotografering). Revisjon av gjenstandar er i hovudsak gjort i samband med flytting mellom to magasin. Revisjon av kunstverk er gjort i samband med montering av nye beslag på rammer, i samarbeid med Museumstenestene i Rogaland.

## Oversikt over samlingane pr. 31.12.2023

Samling	Antal	Katalogiserte (hovedpostar i Primus)	Publisert på Digitalt Museum
Gjenstand	79711	30111	14824
Fotografi	675300	32989	29499
Kunst	2743	2322	790
Bygning	56	56	46
Lyd	837	450	29
Film	1047	0	0
Farkostar (på land)	33	12	0
Kulturlandskap*	4	0	0
Hageanlegg**	2	0	0
Til sammen	759733	65940	45188

\*76 dekar    \*\* 2 dekar

Privatarkiv	191 hyllemeter
-------------	----------------

### 7.3 Førebyggjande tiltak og konservering

Sidan konsolideringa i 2019 har vi jobba målretta med fleire førebyggjande tiltak i samlingane.

Aller størst utslag har dette fått for Haugalandmuseet si flotte kunstsamling. Etter nesten 100 år i kommunal eige, utan ressursar til å arbeide med bevaring og konservering, har store delar av samlinga behov for ettersyn. Det er i første omgang skifte av beslag og reingjering som har vore prioritet. Særleg eldre maleri har behov for slike stabiliserande tiltak og djupreingjering. Samstundes med dette arbeidet har kunstverka blitt tilstandsvurdert. Etter fem år kan vi oppsummere med at 244 av 2322 registrerte kunstverk har ei kvalifisert tilstandsvurdering i Primus. Dette gjev oss god innsikt i konserveringsbehov, og er eit naudsynt verktøy for å kunne planlegge og budsjetttere for større konserveringsoppgåver.

Tilstanden er gradert med kodane 101 (god), 102 (tilfredsstillande), 103 (dårleg), 104 (kritisk). Dei fleste kunstverka, i alt 138, har fått kodane 100 og 101. Til saman 106 kunstverk har fått koden 102 og 103, dårlig og kritisk tilstand. Oppsummert, så vil minst 106 av desse kunstverka ha behov for behandling for å hindre ytterlegare skade, samt konserveringsbehandling før dei kan stillast ut.

I den kulturhistoriske samlinga har vi kvalifisert tilstandsvurdering av 3655 gjenstandar, av totalt 30111 registrerte gjenstandar. Her er det gjort tilstandsvurderingar av NKF-godkjente konservatorar sidan 2015. Her har dei fleste objekta, 2004 i alt, fått koden 100 og 101. Til saman 1651 gjenstandar har fått koden 102, 103 og 104, mindre god, dårlig og kritisk tilstand. Desse objekta treng stabiliserande behandling og konservering før dei kan stillast ut.

Det er gjennomført ei rekke førebyggjande tiltak og førebyggjande konservering av samlingar: Reingjering av museumshus og miljøutstillingar, muggsanering, og sanering av skadedyr. Det er i tillegg utført konservering/stabilisering av 238 kunst- og kulturhistoriske objekt i løpet av året. Arbeidet som vart utført bestod i hovudsak av djupreingjering, og konsolidering eller liming av lause delar. Tre gjenstandar blei konservert av Museumstjenesten i Rogaland. Dei bidrog òg med utskifting av beslag og reingjering av 87 kunstverk saman med vår eigen konservator.

## 7.4 HMS og risikohandtering i forvaltninga

Etter å ha gjennomført ei systematisk og målretta kartlegging av asbest i samlinga ved Arquebus krigshistorisk museum i 2022, gjekk vi vidare med prøvetaking av gjenstandar i utstilling vinteren 2023. Resultata synte at det var behov for sanering av asbest på to større gjenstandar, en lyskastar og en kompressor til utskyting av torpedoar. Desse to gjenstandane hadde skada asbest, og kontaminering av asbeststøv på flater under og rundt gjenstanden. Saneringa blei utført av Saga bygg. Dette var utløysande for at vi kunne opne utstillingane att på Arquebus 1. juli.

Alle tilsette deltok på kjennskapskurs i asbest, i regi av firmaet Eriksen HMS.

## 7.5 Magasin

Magasinsituasjonen er i løpet av dei tre siste åra forbetra. Etter svært mange år med dårlege lokale for bevaring av samlingane, vart magasinsituasjonen for den kulturhistoriske samlinga kraftig forbetra i 2022. Vi auka arealet med klimastyrt magasin med til saman 360 m<sup>2</sup>. Dei ekstra magasinareala vart redninga når stormar og lekkasjar øydede fleire andre lokale.

I 2023 er magasinsituasjonen for fotografi noko forbetra. Vi har flytta ei samling – fotoarkivet etter Foto Idar, inn i kjølemagasin for foto. Sett under eitt er det framleis gjenstandssamlinga som har dei dårlegaste magasinforholda ved museet. Museet arbeidar langsiktig, og med dei nye magasina som er omtalte ovanfor, vil situasjonen i framtida betra seg, litt om litt.

Ved utgongen av 2023 såg magasinsituasjonen slik ut:

Samlingstype	Svært gode forhold	Tilfredsstillande forhold	Ikkje tilfredsstillande forhold	Dårlege forhold
Gjenstandar	26%	28%	28%	17%
Foto	69%	10%	21%	0%
Kunst	87%	5%	8%	0%

## 7.6 Bygningsvern

Restaureringa av Derikhuset var årets store prosjekt. Ei sårt tiltrengt restaurering, som starta opp hausten 2022. Våningshuset var vurdert til TG3 – tilstandsgrad 3, med kraftige, alvorlege symptom. Vi hadde avdekka råte i konstruksjonar, vindauge og kledning, samt skade i leirmurt pipe. Særleg laft i nordaustre hjørne hadde store råteskader. Handverkarane har øksa til og lafta opp nye stokkar, skifta ut raftstokken og sprikra nye konstruksjonar og panel på skutane. På veggar blei det lagt nye

spikerslag, henta rett frå skogen, og ny, til dels handhøvla kledning med trepluggar. Vi leigde inn ein ekstra tømrar frå januar og ut mars. Grunna langvarige sjukemeldingar har framdrifta på arbeidet vore sterkt forsinka. No er planen å ferdigstille arbeidet i mai 2024.

Med god hjelp av Museumstenestene fann vi spor av tranmaling på opphavlege kledningsbord på austsida av huset. Kombinert med munnlege forteljingar frå folk som vaks opp nær huset, kunne vi konkludere med at det tidlegare er brukt tranmaling på kledninga. Undersøkingane og rapporten frå Museumstenestene omfatta også ei vurdering av malingsprøver frå vinduskarmar og vindauge.

#### 7.6.1 Kurs i overflatebehandling

Museumstenestene hadde overflatebehandling som fellestema i 2023 og arrangerte fleire kurs i ulike malingsteknikkar i 2023. Haugalandmuseet var vertskap for to av desse kursa:

[Komposisjonsmalingskurs](#), på småbruket Veien, Nedstrand, med instruktør: Tor Meusburger.

Komposisjonsmaling består av tre hovudingrediensar: vatn, mjøl og pigment. Nokre oppskrifter inneheoldt også såpe, jernvitrol, tjære og/eller linolje. Den er billig og enkel å framstille og ofte brukt på uthusbygningar då den egnar seg til ujamn kledning. I den praktiske delen av kurset vart det laga nok liter temperert komposisjonsmaling til å male heile løa på Veien, Nedstrand. Museet hadde fire deltakarar, to konservatorar og to handverkarar.

[Tranmalingskurs](#), på Derikhuset, 28-29.juni, med instruktør Jorunn Garberg Moslet, frå Malersvenneriet A/S. Tranmaling har i hundrevis av år blitt brukt langs norskekysten til utvendig maling av husveggar. Malinga vart produsert lokalt, ofte av huseigaren sjølv. Denne typen maling består av to hovudingrediensar: Fiskeolje og pigment. Tran vart blanda med pigment (vanlegvis raudt jordpigment) og påført veggane. Fargepigment var handelsvare, men ein kunne også bruke lokale jordpigment. Ein periode var det fabrikkar som produserte maling med tran frå fiskeri langs kysten. Tranmaling lagast av råtran, fløytran eller av varmebehandla tran. På dag ein lærte deltakarane å blande maling og pigment. På dag to vart heile våningshuset malt med tranmaling. Museet hadde tre deltakarar på kurset – ein konservator og to handverkarar.



Figur 4 Derikhuset utafor Skudeneshavn vart årets store prosjekt i forvaltnings- og driftsavdelinga. Ei sårt tiltrengt restaurering starta opp i 2022 og pågår framleis. I 2023 vart huset måla med tranmaling og i juni vart det halde tranmalingskurs for interesserte fagfolk. Foto: Grethe Paulsen Vie/Haugalandmuseet

Museets konservator deltok i tillegg på linoljemalingskurs på Engøyholmen 14. og 15. september. Kurshaldarar var Thor Grabow og Dennis Lund, fra Linolie & Pigment A/S som er ei handverksverksemd som framstiller maling ut frå gamle teknikkar og av gode råvarer. Maling med linolje som bindemiddel er brukt på bygningar langs kysten sidan 1700-talet. Olje kjem frå linfrø, både kald- eller varmpressa. Kokt linolje får ein ved å varme opp rå linolje. Linoljemaling har tradisjonelt bli brukt på høvla overflatar, men kan òg brukast på uhøvla kledning. Linoljemaling gir normalt blanke overflater som over tid blir matta ned og «kritter». Då står berre det lause pigmentet att i belegget som kan friskast opp med eit ekstra lag linolje. På denne måten kan vi feste pigmentet att og beskytte overflata i nokre år til.

På kurset lærte ein korleis ein blandar linoljemaling (olje, pigment og eventuelle tilsetningsstoff), malinga sine eigenskapar og teknikkar, maleteknikk, vedlikehald og erfaringar. Kurset var svært relevant, då ein stor del av museet sine bygningar er malt med linoljemaling.

#### 7.6.2 Konservering og reparasjonar av interiør

Det er og gjort undersøkingar og konsolidering/konservering av eldstader og innvendig mur i tre bygningar i Dokken. Det har i fleire år vore därleg tilstand, med avskaling av murpuss og maling. I år fekk vi hjelp av bygningsantikvar Sarah Campbell i Museumstjenestene, som arbeida i fire dagar med undersøkingar og konsolidering av mur. Det visar seg at det er lagt på betong i fleire av dei gamle gruene, som resulterer i at eldstadene og muren ikkje pustar.

## 8.0 AKTIV SAMHANDLING

Musea er ein del av den kulturelle infrastrukturen for eit sunt og levande demokrati. Haugalandmuseet er ein kunnskapsinstitusjon og inngår saman med andre kultur- og utdanningsinstitusjonar i dannings- og opplæringsprosessar for stadig nye generasjoner. Haugalandmuseet er også ein sosial møteplass med eit mangfold av arenaer for opplevelingar og nye oppdaginger. Samarbeid utover eigen institusjon har alltid vore ein viktig del av arbeidsforma vår. Me dreg vekslar på fellesstener, andre museum, frivillige, gjevarar, lokalsamfunn, skuleverk og mange andre.

#### 8.1 Museum og frivilligkeit

Haugalandmuseet er bygd på frivilligkeit og samhandling med interessentar, foreiningar og institusjonar. Dei siste tiåra er nettverk og fellesstener blitt viktigare for fagleg utvikling, og vi er bevisst rolla vår som ein samhandlande aktør med samanbindingskraft på tvers av fagfelt og tema. Difor samarbeider vi med mange gjennom året for å sikre aktualitet, nedslagsfelt og medverknad. Våre frivillige og samarbeidspartnarar er tallause, og nokre av dei viktigaste er venneforeiningar knytt til alle musea våre. Det er: Haugalandmuseets venner, Haugesund kunstforening, Arquebusmuseets venner, Nedstrand museums- og historielag og Bokn historielag. I tillegg kjem frivillige og kontaktpersonar knytt til Vindafjordmuseet, Hiltahuset på Røvær og Sjøhuset til Mikal Klovning på Utsira. Venneforeiningane og andre frivillige har dugnad, dei passar på bygningar, ser til samlingar og bidreg til å halde nokre av avdelingane våre søndagsopne på sommartid. Venneforeiningane og Haugalandmuseet har samhandlingsmøte der det vert avtala kva arbeid som skal gjerast.

[Haugalandmuseets venner](#) har et eige styre og medlemmer, og arbeider aktivt for å styrke interessa for kunst og historie, samt støttar opp om aktivitetar i museet. Arrangementet *Natt på museet*, arrangert for fyrste gong i februar, var til dømes avhengig av at frivillige frå veneforeininga stilte opp. I året som gjekk vart det laga ein vervebrosjyre, og ein verveaksjon gjer at det per 31.12.2023 er 164 medlemmar. Medlemsfordelar er mellom anna gratis inngang til alle avdelingar i museet.

[Haugesund kunstforening](#) har sine utstillingar og arrangement i Haugesund billedgalleri og museet har eit tett og godt samarbeid med foreininga. Dei tilsette ved billedgalleriet varetok den daglege drifta av foreininga og frivillige i kunstforeininga utgjer delar av museet sitt vertskap på søndagar. Kunstforeininga er ein aktiv samarbeidspartner og av stor betydning for programmeringa av utstillingar og formidlinga i kunstmuseet.

[Arquebusmuseets venner](#) har eit eige styre og medlemmar, og arbeider aktivt med dugnadar og anna arbeid med fast møtedag midt i veka. [Nedstrand museums- og historielag](#) og [Bokn historielag](#) heldt museumshusa opne kvar søndag i sommar, slik dei har gjort i mange år. Dei frivillige er entusiastar som har god, lokal kjennskap til samlingane. Bokn historielag ar hatt søndagsope i sommarsesongen ved Bokn bygdemuseum.

[Utgivinga av årboka](#) er og eit resultat av frivilligkeit. Redaksjonen i 2023 bestod av Arild Bjordal, Øystein Nilsen og Ingebjørg Stene Jacobsen. Redaktør og leiar for redaksjonen var avdelingsleiar for samling og kulturhistorie. Redaksjonen har bidratt med å hente inn artiklar, skrive artiklar og sy saman årboka. [Mimregruppa](#) har arbeida med lokal historie i Haugesund, og laga korte digitale forteljingar.

Andre vi har samarbeida med i 2023 er: Romanifolkets kulturforening, Ølen og Bjoa sogelag, Tysvær historielag, Haugesund teater, Edda kino, Visithaugesund, Vår Frelsers kyrkje, Kulturnatt Haugesund, Haugesund kommune frivilligheita, Haugesund husflidslag, Nord-Karmøy historielag, Haugesund folkebibliotek, Haugaland sopp og nyttevekst foreining, musea på Karmøy, dramaelevar frå Skeisvang VGS, teatergruppe på Nedstrand, Norsk Handicap forbund om universell utforming, Skeisvang VGS dramalinje og Nedstrand teaterlag om teateroppsetjing og DKS i dei ulike kommunane. Dei ulike historielaga i regionen får kvart år tilbod om å vere med i Museumstafetten, og med hjelp frå Haugalandmuseet set dei opp program og gjennomfører arrangementet.

Jamt samarbeid med kollegamuseum kring oss er utviklande. Stendige møter eller digital kontakt om einskilde oppgåver, eller vitjing hjå kvarandre for å utveksle erfaringar og høre om prosjekt. Til dømes hadde vi alle tilsette frå Sunnhordlandmuseet på studietur hjå oss i to dagar hausten 2023. Vi har samarbeida med Jærmuseet om undervisningsopplegg, og med Ryfylkemuseet om tradisjonshandverk og restaurering, og kunstmuseet Kode i Bergen om tilbod til heimebuande med demenssjukdom.

[“Bok blir film”-prosjektet](#) er eit døme på eit samarbeidsprosjekt kor Haugesund folkebibliotek, Haugesund teater, Karmsund folkemuseum, Absurd film og Edda kino i lag har sett saman eit DKS-program for 9. trinn, med krig som tema. Elevane møter skodespelarar og lærer om kjeldekritikk, historie, litteratur og filmproduksjon.

Museet inviterte [Olga Myge frå Ukraina](#) til å lære å male påskeegg på kreativt kurs for vaksne. Det var så populært at vi måtte sette opp to kurs. Gjennom samarbeid med den Kulturelle spaserstokken har museet hatt foredrag på musea og forestilling på sjukeheimane i Haugesund.

Det er alltid ei utfordring å få inn ulike aldersgrupper i museet. Vi har i 2023 engasjert ungdom i alderen 13-21 år gjennom kunstklubben [ARTung](#). Museet inviterte til “Ditt minne- vår historie”

arenaen er Vindafjordmuseet, kor publikum får fortelje – eller berre lytte. Slik kan andre og nye stemmer komme til orde i musea våre. Historier kan og bli fortalt gjennom lyd og bilet og ei eiga mimregruppe lagar kvart år digitale lokalhistoriske forteljingar, med hjelp frå museet. Filmane blir vist på arrangement i museet og lagt ut på YouTube-kanalen.

Eit populært tilbod er [fotogruppa](#) på Havnaberg seniorsenter. Her ser brukarar av senteret på fotografi frå museet si samling, og har gjennom diskusjon og samtale bidratt til auka kunnskap om fotografia i samlinga vår. Fotoarkivaren i museet bidreg med fotografi og med tida si.

## 8.2 Museum og reiselivsnæringa

Haugalandmuseet har sett potensialet som ligg i å kople våre tenester med turistane sitt ynskje om kulturopplevingar. I 2023 fekk museet midlar til å starte eit arbeid med å utvikle eit attraktivt kulturturismetilbod for Dokken museum og Wrangellhuset under paraplyen *fattig og rik*.

På tross av at Arquebus krigshistorisk museum var stengd heile sesongen auka besøkstalet og innteninga. Det syner at cruise-turismen og norske turistar er ei målgruppe med eit større potensiale for museet enn det som til no har vore utnytta. Haugalandmuseet har ein jamn dialog med reiselivet i regionen om utviklinga av museet sine kunst- og kulturhistoriske arenaer, og eit aktivt samarbeid om utviklinga av nye reiselivsprodukt med utspring i museet sine arenaer og samlingar.



*Figur 5 Haugalandmuseet - der folk bur!* Fotokunstner Luca Berti dokumenterar øyfolk og kulturlandskapet på Feøy, Røvær, Vibrandsøy og Utsira. I 2024 vert det fotokunstutstilinger både på Klovningssjøhuset, Utsira og i Haugesund billedgalleri.  
Foto: Grethe Nygaard/Haugalandmuseet